

**REFERAT - KOMMUNEREFORM****Møte på rådhuset i Volda**

13.10.2017 kl. 12.00

Til stades:

Rune Sjurgard Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland Rådmann

Asbjørn Moltudal Ass. rådmann Volda

Hovudtillitsvalt Fagforbundet Volda, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven (referent)

Agenda:

Aktivitet 1. Budsjettforslag Nye Volda kommune	Ansvarleg oppfølging
<p>Økonomisjef i Volda kommune, Kari Mette Sundgot, orienterte om at ho har god oversikt over inntektssida til budsjettet. På kostnadssida er det litt meir ein må få oversikt over. Økonomisjefen kan tenkje seg at det vert definert eit eige ansvar retta mot Nye Volda/Hornindal, og heller opprette underprosjekt, sidan dette vil gjere det meir oversiktleg å setje opp budsjett.</p> <p>Prosjektleder Rune Sjurgard ba om at eit budsjettforslag for Nye Volda kommune vert lagt fram for Fellesnemnda 16. nov. 2017.</p>	KMS

Aktivitet 2. Prosess ny organisasjonsstruktur – jfr prosjektnotat under arbeid og attendemelding frå møte med personalsjefane i forkant av møtet	Ansvarleg oppfølging
<p>Prosjektledaren la fram ein presentasjon av framdriftsplanen for prosessen med ny organisasjonsstruktur.</p> <p>Ifølgje prosjektledaren vert det lagt opp til fire samlingar med rådmennene sine leiargrupper og hovudtillitsvalde, der den eine samlinga vert utvida med andre leiarar. Tema for samlingane vert:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Oppstart på prosessen 2) Heimeoppgåve der alle får tenkje på korleis ein ser føre set at dette skal sjå ut. 3) Arbeide med utkast til ny administrativ organisering. 4) Vidare arbeid og attendemeldingar på utkast til ny administrativ organisering. 	RS

<p>Deretter vil det verte utarbeidd forslag som vil gå ut på høyring. Ein tek så sikte på å få dette på plass innan 20. mars 2018.</p> <p>Styringsgruppa syntest det er eit godt utgangspunkt, og kan slutte seg til prosessen. Prosjektleiaren vil jobbe vidare med prosessnotatet.</p>	
--	--

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p>3. Organisasjonsnummer – jfr kgl resolusjon</p> <p>Om mogeleg, kan prosjektlear gjerne tenkje seg å behalde organisasjonsnummeret til eksisterande Volda kommune, ettersom det då kan sparast ein del pengar på inngåing av enkelte avtalar. Ein viser til Indre Fosen kommune som har gjort dette. Det er ønskjeleg å sjå kva Fosen hadde vedlagt i sin søknad om å behalde organisasjonsnummeret.</p> <p>Planen vert å sende søknad til SSB med kopi til kommunaldepartementet snarast råd.</p>	AM

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p>4. Behov for møte med fylkeskommunen</p> <p>Med tanke på område som vil krysse dei eksisterande fylkes- og kommunegrensene, som til dømes samferdsle, utdanning, kollektivtransport og museum er det ønskjeleg å arrangere eit møte med begge Fylkesmennene.</p> <p>Rune og Ann Kristin tek kontakt med sine respektive Fylkesrådmenn – så kan dei samordne seg litt i forkant. Dette er det ikkje noko hast med, så eit møte etter nyttår vert føreslått som eit høveleg tidspunkt.</p>	RS/AKL

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
<p>5. ROS-analysen</p> <p>Asbjørn Moltudal la fram eit forslag til gjennomføring av analysen. Asbjørn og Joakim jobbar med å greie ut nokre spørsmål, med ei detaljert skildring. Når desse er klare vil dette bli sendt ut leiarar og hovudtillitsvalde for høyring. Deretter vert det sett ned ei gruppe som ser på problemstillingane og vurderer sannsyn og konsekvens.</p>	AM/JR

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging

6. Digitalisering – informasjon frå seminar i Volda og tur til Bergen kommune	
<p>Asbjørn og Joakim deltok 5. oktober på ei digitaliseringskonferanse på Høgskulen i Volda, medan Rune og Joakim var på ei samling i Bergen kommune med seksjon for digitalisering og innovasjon dagen etter.</p> <p>I Volda: Spanande føredrag om teknologi som kan gjere kvardagen lettare, både privat og i arbeidssamanheng. Mellom anna kan det i framtida vere aktuelt å sjå nærmare på digitale assistentar. Det var løfta fram eit forslag om ein kunne vurdere å invitere føredragshaldar Tarjei Vassbotn til å orientere litt om kva tankar han har om korleis kommunen kan digitalisere seg i framtida.</p> <p>I Bergen: Rune og Joakim møtte Kjetil Århus, som la vekt på at det er viktig med tydlege politikarar. Klare bestillingar er avgjerande for å få tiltaka til å lykkast i Bergen.</p> <p>Rune la fram ein tanke om at kanskje kunne Søre Sunnmøre og Nordfjord i større grad kunne sjå på eit samarbeid i staden for å sjå hit eller dit. Med tanke på digitalisering er geografiske avstandar ikkje fullt så avgjerande, og ein kan kanskje sjå på samarbeid utanfor regionen. Rune la derfor inn ein førespurnad til Kjetil Århus om Volda kommune kunne vere observatørar på Bergen kommune sine forum for digitalisering, for å få inspirasjon til si eige digitale utvikling.</p> <p>Lokalt vil ein god IKT-strategi på Søre Sunnmøre vere naudsynt. God dialog med politikarane der ein forankrar dette politisk vil vere viktig. Mellom anna kan kommunane på Søre Sunnmøre kanskje vere tente med å etablere felles sentralbord. Dette kan potensielt gi innsparing på éi stilling per kommune, som kan nyttast på andre område.</p>	

Aktivitet 7. Rekrutteringsprosessar (Digitalisering/IKT, arkiv og helse-/omsorgssjef i Volda kommune)	Ansvarleg oppfølging
<p>Stilling knytt til ny IKT-ressurs og konsulent (arkiv) i prosjektorganisasjonen er lyst ut, og har søknadsfrist 27. oktober. Ann Kristin Langeland og Inger-Johanne Johnsen er ført opp som kontaktpersonar for desse to stillingane.</p> <p>I tillegg vil det 1. november bli lyst ut stilling til helse- og omsorgssjef i Volda kommune.</p>	<p>AKL/I-JJ</p> <p>Personal, Volda</p>

Aktivitet 8. Fokussaker framover og til neste møte – ev oppfølging etter fellesnemnda 12. oktober	Ansvarleg oppfølging
<ul style="list-style-type: none"> • Temagruppe for Kulturbygging (Odd Harald Sundal leiar) <ul style="list-style-type: none"> ○ Få tak i dei to siste personane (ungdomsrepresentant i Volda + ressurspersonen frå Hornindal) • Ny næring på gamle tufter. • Satsingsområder i Nye Volda. • Ny Administrativ struktur • Omstillingsavtale • Interkommunale avtalar og andre avtalar • ROS-analysen 	<p>OHS</p> <p>J. Amdam RS RS B. Lyngstad Servicekontora AM/JR</p>

Aktivitet 9. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<p>Årsverksramme Dette vert å leggje inn talet på årsverk i budsjettet for 2018 for høvesvis Hornindal og Volda kommune</p> <p>Infomøte 1. november Onsdag 1. november skal det vere eit orienteringsmøte i Molde, der Fylkesmannen skal orientere om prosessen og sakshandsaminga rundt utgreiing om grensejustering ved Bjørke. Ordførarane i Volda og Hornindal deltek på dette.</p>	<p>AKL/RS</p> <p>SOL/JA</p>

Møtet slutt kl. 13:33

Volda, 13.10 2017



Joakim Rødven
Kommunikasjonsrådgjevar
Samfunn og Rådgjeving
Tlf 482 29 993
www.volda.kommune.no